

UNIVERSITETET I BERGEN

MØTEINNKALLING

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Tidspunkt: 07.06.23 kl. 12.15-14.00

Sted: **Harald Hårfagresgate 1. møterommet 1 etasje**

Innkalling er sendt til:

Svein Ivar Angell, Benedicte Mosby Irgens, IF, Heming Gujord, LLE, Sissel Undheim, AHKR, Jesse Tomalty, FOF, Kari Jegerstedt, SKOK, Pål Steiner, Universitetsbiblioteket, HSU v/ Axel Leegard og Siver Rannestad.

Kopimottakere: Julie Alver Tønsaker, Hanne Svanholm Misje, Ellen Vikersveen, Rebekka Nistad, Signe Nilssen, Jacob Hoffmann, Ståle Melve, Idunn Bjørlo Tandstad, Helge Restad og Ingrid Galtung.

Vedlagt er sakliste og sakspapirer til møtet.

Forfall skal meldes til personlig varamedlem og sekretariatet, tlf. 55 58 22 09, evt. pr. e-post til Rebekka Nistad, e-post: rebekka.nistad@uib.no.

Bergen, 01.06.23

Svein Ivar Angell
visedekan

Inger Marie Hatløy
fungerende studiesjef

Saksliste:

- I Godkjenning av innkalling og saksliste
- II Godkjenning av [protokollen](#) fra møtet 26.04.23.
- III **Vedtaks sak**
 - Sak 13/23** Rapport med anbefaling fra Studiekvalitetskomitéen (ettersendes).
- IV **Drøftingssaker**
 - Sak 14/23 Arbeidsgruppe for prosjektet Studieporteføljen ved Det humanistiske fakultet
 - SAK 15/23 Om Meld. St. 14. (2022 – 2023) Utsyn over kompetansebehovet i Norge (Utsynsmeldinga).
- V **Orienteringssaker**
 - Sak 16/23 Muntlig orientering om prosessen for opptaket til studieåret 2023/24.
 - Sak 17/23 Muntlig orientering om implementering av modell D på lektorprogramma.
 - Sak 18/23 Muntlig orientering om saker til behandling i møtet 8. juni i LUHF.

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 07.06.2023

SAK 14/23: Arbeidsgruppe for prosjektet Studieporteføljen ved Det humanistiske fakultet

Dokumenter i saken: [Fakultetsstyresak 19/23](#)

Fakultetsstyret ved HF behandla sak 19/23 i møte 9. mai 2023 der det vart gjort vedtak om å godkjenne samansetjing og mandat for arbeidsgruppa for prosjektet Studieporteføljen ved Det humanistiske fakultet med dei endringsforslaga som kom fram i møtet.

Samansetjing

Svein Ivar Angell, visedekan for utdanning (leiar)
Steinar Bøyum, instituttleiar, Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Anders Fagerjord, instituttleiar, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Kari Jegerstedt, senterleiar, Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Martin Paulsen, instituttleiar, Institutt for framandspråk
Teemu Ryymin, instituttleiar, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Rasmus T. Slaattelid, senterleiar, Senter for vitenskapsteori

Fakultetsadministrasjonen bidrar som sekretariat. Det skal òg oppnemnast studieadministrative medlemmer av arbeidsgruppa.

Dekanen får fullmakt til å oppnemna to studentrepresentantar.
Arbeidsgruppa skal konsultera relevante eksterne interessentar undervegs.

Mandat

Arbeidsgruppa sitt mandat er å koma med framlegg til eit attraktivt studietilbod som rekrutterer sterkt og legg til rette for god gjennomføring. Gruppa skal setja i gang ein grundig gjennomgang av studieprogramporteføljen ved HF, ut frå følgjande føresetnader:

- Det skal identifiserast kva program det er særskilte utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring.
- Program- og emneportefølje skal forenklast. Dette kan innebera nedlegging eller omorganisering av program.
- Det skal arbeidast med tiltak for å styrkja kvalitet og gjennomføring i programma.
- Det skal vurderast å oppretta program med tverrfagleg profil og klar arbeidsrelevans.
- Arbeidsgruppa skal ta omsyn til pågåande og framtidige prosessar knytt til studieporteføljen ved fakultetet: Implementering av ny modell for lektorprogramma, arbeidet med å etablere eit FPØ-program og å utarbeida ein strategi for EVU-tilbodet ved HF.

Fakultetsstyret slutta opp om mandatet til og samansetjinga av arbeidsgruppa. Det kom merknadar om at tidsplanen for arbeidet bør presiserast slik at det vert fastsett som eit mål at ny portefølje skal implementerast frå hausten 2025.

Stiestyret vert invitert til å drøfta følgjande spørsmål:

- Korleis kan ein sikra god forankring i fagmiljøa ved fakultetet i samband med prosjektet med ny studieportefølje.
- Korleis kan ein best sikra innspel frå interne og eksterne interessentar i prosessen?
- På kva måte bør prosjektet møta forventningane knytt til fagleg breidde i studieporteføljen ved fakultetet?

Svein Ivar Angell
visedekan

Inger Marie Hatløy
fungerande studiesjef

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 07.06.23

SAK 15/23: Om Meld. St. 14. (2022 – 2023) Utsyn over kompetansebehovet i Norge (Utsynsmeldinga).

Om Meld. St. 14. (2022 – 2023) Utsyn over kompetansebehovet i Norge (Utsynsmeldinga).

Stortingsmelding 14 (2022-2023) vart lansert i mars 2023. Meldinga gjer greie for dei sentrale politiske prioriteringane på utdanningsområdet i dei komande åra. Essensen i desse prioriteringane er å styrkja kompetansen som vert sett som naudsynt for å stimulera til høg produktivitet og eit konkurransedyktig næringsliv, kompetanse for å gjennomføra det grønne skiftet og kompetanse for å sikra gode velferdstenester i heile landet. Andre sentrale prioriteringar i meldinga er at utdanningssektoren i større grad må bidra å handtera den demografiske utviklinga og å kvalifisera dei som står utanfor arbeidslivet.

Meldinga legg stor vekt på at utdanning skal vera tilgjengeleg i heile landet, og målet om fleksible utdanningstilbod vert framheva som overordna. I så måte legg meldinga mykje vekt på etter- og vidareutdanning som eit utdanningspolitisk verkemiddel. Meldinga signaliserer på same tid at dimensjonering av studieplassar vil verta eit verkemiddel for å nå desse måla. Det vert lagt opp til i sterkare grad å styra ressursar i form av studieplassar inn mot prioriterte område, på same tid som institusjonane sjølve vert forventa å dimensjonera eigne ressursar i tråd med overordna politiske mål.

Meldinga legg likeins opp til justerte finansieringsordningar i sektoren. Det skal innførast tre finansieringskategoriar. For HF inneber dette at lektorstudieplassane våre vert plasserte i kategori to, medan studieplassane på BA- og MA-programma, samt årsstudieplassane, vert plasserte i lågaste kategori. På same tid vert resultatmidla på forskningssida fjerna, slik at resultatinntektene frå studieverksemda vil verta enda viktigare enn i dag.

Meldinga kan lesast her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20222023/id2967608/>

På bakgrunn av meldinga og ein presentasjon som vert gjeven i møtet, vert studiestyret invitert til å drøfta følgjande spørsmål:

- Kva perspektiv gjev meldinga for utviklinga på HF dei komande åra?
- Korleis bør vi som fakultet respondera på og agera i høve til dei politiske føringane som meldinga representerer?
- Kva føringar gje meldinga for det pågåande arbeidet med studieporteføljen ved HF?

Svein Ivar Angell
visedekan

Inger Marie Hatløy
fungerende studiesjef